

## Bruke appen «Innstillinger» for å sjekke og tilpasse Windows 11


I appen «*Innstillinger*» har vi mange valg. Her skal vi sjå på desse hovudmenyane: «*System*», «*Oppdatering og sikkerhet*», «*Personalisering*», «*Tid og Språk*» og «*Tilgjengelighet*». NB! Under kvar hovudmeny er det mange undermenyar, og du kan finne fram til samme undermeny frå fleire av hovudmenyane.

### A. Først skal vi opne appen «Innstillinger» og feste han til oppgavelinja

1. Klikk i søkefeltet til venstre på oppgavelinja og skriv «*Innstillinger*»




2. Du rekk neppe å skrive meir enn «Inn..» før ein dia-logboks kjem opp på skjermen. I øvre venstre hjørne på denne står det *Innstillinger* i eit markert felt.



3. Klikk i dette feltet og du opnar appen «*Innstillinger*» med alle menyane i denne appen. Samtidig kjem tannhjulsymbolet for denne appen opp nede på oppgavelinja.

4. Peik på tannhjulet med musepeikaren og klikk med høgre musetast. Nå kjem det opp ein ny meny rett over trannhjulet.




5. Peik på valget «*Fest til oppgavelinjen*» og klikk med venstre musetast. Da er symbolet for appen «*Innstillinger*» festa til oppgavelinja og vil stå der sjølv om du lukkar appen.

6. NB! Samme framgangsmåte kan du bruke for alle appar du brukar ofte og vil ha lett tilgjengeleg på oppgavelinja.

### B. Sjekke Windows versjon


1. Opne «*Innstillinger*» ved å klikke på tannhjulet. Nå får du opp startsida på appen, som ser slik ut.



2. Klikk på «*System*», og rull heilt ned i den menyen som kjem opp. Klikk på «*Om*» og du får opp ei side med «*Spesifikasjoner for enheten*». På den sida står mange opplysningar om PC-en.

3. Rull litt ned til du finn «*Windows spesifikasjoner*»

4. Her står det at det er Windows 11 som er installert, og kva for versjon.



Windows-spesifikasjoner	
Versjon	Windows 11 Home
Versjon	24H2
Installert den	17.10.2024
Operativsystembygg	26100.2605
Opplevelse	Grensesnittpakke for Windows-funksjon 1000.26100.36.0
<a href="#">Microsofts tjenestevtale</a>	
<a href="#">Microsoft-programvare - lisensvilkår</a>	


### C. Sjå etter oppdateringar

1. Opne «Innstillinger» ved å klikke på tannhjulet på oppgavelinja. Du får opp samme meny som for å sjekke Windows versjon. Klikk på «Windows update» lengst nede i menyen.

2. Dialogboksen som kjem opp er «Windows update».



3. Dersom det ikkje er nokon oppdateringar står det gjerne «Du er oppdatert», og når programmet sist var sjekka for oppdateringar.



4. Dersom PC-en ikkje er oppdatert vil det stå ei melding om at oppdateringar er tilgjengelege. Aktuelle oppdateringar vil vera opplista nedover på sida, med kort opplysning om kva for oppdateringar det er. I tillegg står det: Status: «Nedlasting venter», eller «Installasjon venter».



5. Nedlasting og installering vil som regel gå automatisk, men Windows fastset ei pauseperiode basert på kva tid på døgnet du brukar PC-en mest. Valegvis vil denne pausa vera frå kl. 08:00 til kl. 17:00, og i dette tidsrommet vil ikkje oppdateringane starte automatisk. Du kan sjølv bestemme tida for pausa med valget «Endre aktivitetsperiode». Jamvel om du er inne i pauseperioda kan du starte nedlasting og installering ved å klikke på det markerte feltet under lista med oppdateringar. «**Installer nå**»

6. Dei fleste oppdateringar vil kunne lastast ned og installerast nokså fort, men større oppdateringar, slik som oppdatering av Windows til ny versjon (eks. 25H2) vil kunne ta lang tid, opp til ein time avhengig av kor rask maskin og nett du har.

7. Ved å klikke på «Oppdateringslogg» vil du få opp ei liste med opplysning både om kva oppdatering det er og når den vart gjort.


8. Alternativ metode for å sjekke Windows versjon:

1. Trykk på Windows-tasten + bokstav R.
2. Skriv kommandoen «winver»
3. Eit nytt vindu kjem opp som viser versjonen



## D. Systemmenyen og tilpassingar

1. Opne «Innstillinger» ved å klikke på tannhjulet på oppgavelinja. Klikk på «System»



lengst oppe i menyen til venstre.

2. Systemmenyen har mange undermenyar. Den første som kjem opp når du klikkar på «System» er «Skjerm». I denne menyen ligg eit par nyttige innstillingar: «Lysstyrke» og «Kveldsmodus».
3. Lysstyrken på skjermen kan du regulere ved å dra i punktet på glidelinja.
4. «Kveldsmodus». Dataskjermar (og mobiltelefonar) avgir blått lys som kan ta frå deg nattesøvnen. Det er derfor tilrådd å bruke «Kveldsmodus», dvs. ei innstilling med «varme fargar». «Kveldsmodus» må du slå på sjølv ved å klikke på glidebrytaren.
5. Klikkar du på pila til høgre for glidebrytaren i feltet «Kveldsmodus» så kjem det opp ein meny som viser når «Kveldsmodus» startar. Standard innstilling er at maskina tilpassar seg aktuell daglengde, slik at «Kveldsmodus» står på frå solnedgang til soloppgang. Men du kan sjølv bestemme start og stopp for «Kveldsmodus» ved å klikke på «Planlegg kveldsmodus».
6. «Skalering». Her kan du endre storleik på skrift, appar og andre element. Tilrådd skalering for skjermen på din PC vil vera merkt «anbefales»
7. «Skjermopløysning». Her kan oppløysinga på skjerm justerast. Alternativet som passar best for din skjerm er merkt «anbefales».

## E. Menyen «Personalisering»

1. Opne menyen «Personalisering». Første undermenyen i denne er «Bakgrunn», og der ser du ein miniatyr av bakgrunnsbildet på skrivebordet (skjermen). Standardbildet i Windows 11 er slik som vist til høgre.



2. Under miniatyrbildet er det eit felt der det står «*Tilpass bakgrunnen din*». Lengst ute til høgre er det eit boks der det står «*Bilde*». Ved å klikke på pila til høgre i feltet får du 3 val: «*Heildekkande farge*» – «*Lysbildeframvising*» – «*Windows-søkelys*».

3. Når du vel «*Bilde*» så vil ei rad med bilde vise under feltet. Over bilderada står «*Nylig brukte bilder*», og under «*Velg et bilde*». Ute til høgre er ein boks der det står «*Bla gjennom bilder*». Klikkar du i den boksen så opnar bildemappa di, og du kan legge til eit nytt eige bilde. «*Bilde*» betyr eit fast bilde som bakgrunn, anten standardbildet, eller eitt av dei andre «*Nyleg brukte bilder*».

4. Vel du «*Heildekkande farge*» kjem det fram ein fargepalett med mange fargar. Skjermen blir einsfarga med den fargen du vel frå fargepaletten.



5. Alternativet «*Lysbildeframvisning*» betyr at ein serie bilde vil skifte regelmessig. For at dette skal virke må du velje ei mappe (album) med fleire bilde frå di eiga bildemappe.

6. Valget «*Windows-søkelys*» er litt interessant. Windows-søkelys viser bilde frå heile verda og blir oppdatert kvar dag, og viser dessutan tips om korleis du får mest mogleg ut av Windows.

7. «*Låseskjerm*»: Litt ned på sida under «*Personalisering*» er også verdt å utforske. Låseskjermen er det skjermbildet som viser når du startar PC-en, men før du loggar inn. Dette bildet kan endrast og veljast om lag på samme måte som bildet for «*Bakgrunn*».

8. Under miniatyrbildet som kjem opp når du vel «*Låseskjerm*» er det eit felt der det står «*Tilpass låseskjerm*». Her også ein boks med 3 val når du klikkar på pila til høgre: «*Windows-søkelys*» – «*Bilde*» – «*Lysbildeframvisning*». Framgangsmåte for dei ulike vala er tilsvarande som for «*Bakgrunn*».

## F. Oppgavelinja

Siste undermeny i «*Personalisering*» er «*Oppgavelinje*». Oppgavelinja gir ein rask og enkel måte for å opne (aktivere) aktuelle program (appar). Når ein app blir opna vil ikonet for appen komme opp på oppgavelinja. Ein strek eller eit punkt under ikonet viser at appen er open og aktiv. Ikon for appar vi brukar ofte bør festast til oppgavelinja, slik at dei ikkje blir borte når vi lukkar appen (sjå side 1 om framgangsmåte for å feste ikon til oppgavelinja).

- a. «*Oppgavelinjeelementer*»: I linja med «*Søk*» bør det i boksen til høgre stå «*Søkeboks*». «*Oppgavevisning*» og «*Miniprogrammer*» bør begge stå på «*Av*».
- b. «*Andre ikoner i systemstatusfeltet*»: Her bør «*Pennemeny*» og «*Virtuell styreplate*» stå på «*Av*». Peiketastatur bør stå på «*Aldri*».
- c. «*Oppgavelinjeadferd*»: «*Oppgavelinje justering*» bør stå på «*Venstre*». «*Skjul oppgavelinje automatisk*» og «*Vis blinkende apper på oppgavelinje*» bør vera deaktivert (ingen avmerking i boksane). «*Vis indikatorer på oppgavelinjeapper*» kan vera aktivert (hake og farge i boksen). «*Velg det ytterste hjørnet på oppgavelinjen for å vise skrivebordet*» bør vera aktivert (hake og farge i boksen). «*Kombiner knapper på oppgavelinja og skjul etiketter*» bør stå på «*Alltid*».

## G. Menyen «Tid og språk»


1. «*Dato og klokkeslett*»: «*Angi tidssone automatisk*» kan stå på «*Av*». Tidssone bør stå urørt. Dei andre vala om (sommartid, klokke automatisk og klokke og dato på oppgavelinja) bør stå på «*På*».
2. «*Språk og område*»: På feltet for «*Windows visningsspråk*» kan du velje språk i boksen til høgre.

## H. Menyen «Tilgjengelighet». Eit utval av undermenyar som er mest nyttig for oss er:

1. «*Tekststørrelse*»: Når du klikkar på dette valet, så kjem det fram eit felt med ein «*glidebrytar*» der du kan justere storleiken på den skrifta du skriv på skjermen ved å dra i glidebrytaren. Feltet «*Forhåndsvisning av tekststørrelse*» viser korleis justeringa påvirkar skriftstorleiken.



2. «Tekstmarkør»: Eit nyttig val i denne menyen er «Tykkelse på tekstmarkør». Med dette valet kan du justere tekstmarkøren (skrivemerket) slik at det bli lettare å sjå på skjermen. Ved å sette «Tekstmarkørindikator» på, kan du i tillegg få ei fargemerking (med ulike fargeval) av kvar skrivemerket står.



3. «Mus»: Her kan du finne og justere fleire funksjonar for musa.
  - a. «Musepeker»: I denne menyen har du 4 val for utsjånad på musepeikaren; «kvit», «svart», «invertert» og «egendefinert».



- b. Klikkar du på valet «egendefinert», så får du opp ein fargepalett der du kan velje ulike farger på musepeikaren. Valet «invertert» gir ein musepeikar som er svart når bakgrunnen er kvit, og som skftar til kvit farge når peikaren kjem inn på eit mørkt område.
  - c. Storleiken på musepeikaren kan du justere med «glidebrytaren» i feltet «Størrelse». NB! Når du justerer storleiken på musepeikaren så blir også markøren justert tilsvarande.
  - d. «Primær museknapp». Her er det to val; venstre og høgre. Standarsinnstilling er «Venstre», og er tilpassa høgrehendte menneske (90% av oss). For venstrehendte kan det vera nyttig å stille «Primær museknapp» på «Høyre», og bruke musa i venstrehanda. Kor fort musepeikaren flytter seg stiller du med «Hastighet for musepeker»

